

## **Yngve Flo – Gruppe A**

*Foreslått av Ines Prodöhl*



Eg stiller til val til fakultetsstyret for gruppe A, altså dei fast vitskapleg tilsette ved Det humanistiske fakultetet. I 2018 vart eg tilsett ved AHKR, og før det arbeidde eg i om lag 20 år ved forskarinstitusjonane LOS-senteret og Rokkansenteret (no: Norce). Som historikar har eg spesialisert meg på politiske institusjonar, og eg er for tida del av eit fleirfagleg forskingsprosjekt som studerer den norske regjeringsmakta. I tillegg til historie, har eg nordisk og samanliknande politikk frå UiB i fagkrinsen.

Ved UiB og ved fakultetet vårt er det lagt godt til rette for at dei tilsette kan engasjere seg i og vere med på å påverke dei ytre rammene for den faglege verksemda og arbeidskvardagen. Organisasjonen vår er då òg heilt avhengig av at vi alle bidreg med kunnskap og erfaringar for å styrke kollektivet, både ved små justeringar og store reformer i studietilbodet, og når vi vurderer tiltak for å styrke forskinga vår.

Vi veit alle fakultetet vårt er i ein utsett posisjon. Dei økonomiske utsiktene er alt anna enn lyse, rekrutteringa til studiane våre syner ein urovekkjande trend, og på politisk hald er det vanskeleg å spore nokon vilje til å løfte humanistisk forsking og undervisning. Men nettopp i tøffe tider er det viktig at vi ikkje resignerer, men går offensivt til verks. Eg er glad for å sjå at HF møter desse utfordringane på brei front, og gjer grep for å reformere studietilbodet vårt, for å styrke oss i konkurransen om studentane, og for å sikre at endå fleire fullfører studiane. Denne offensiven må halde fram, om målet vårt er å halde oppe mest mogleg av den viktige faglege verksemda som skjer i miljøa våre.

Som det øvste styringsorganet ved HF, har fakultetsstyret ei viktig rolle, ikkje berre ved å understøtte framlegg og initiativ som kjem frå leiinga, men ved å utfordre, kritisere og peike på alternative løysingar, om naudsynt. Dette er eit meiningsfullt arbeid. Når eg har takka ja til å la meg nominere til fakultetsstyret, er det fordi eg er innstilt på å gjere mitt, om eg vert valt.

## **Yngve Flo – Group A**

*Suggested by Ines Prodöhl*



I am standing for election to the faculty board for Group A, that is, the permanent academic staff at the Faculty of Humanities. In 2018, I was employed at AHKR, and before that, I worked for about 20 years at the Norwegian Research Centre in Organisation and Management, and Stein Rokkan Centre for Social Studies (now: Norce Norwegian Research Centre). As a historian, I have specialised in political institutions, and I am currently part of a multidisciplinary research project studying the Norwegian government. In addition to history, I have studied Nordic Languages and Literature, and Comparative Politics at UiB.

At UiB and our faculty, there are good opportunities for staff to engage in and influence the external framework for academic activities and everyday work. Our organisation relies on all of us contributing knowledge and experience to strengthen the collective, both through small adjustments and major reforms in the study programmes, and when we consider measures to strengthen our research.

We all know our faculty is in a vulnerable position. The economic outlook is anything but bright, recruitment to our studies shows a worrying trend, and politically, it is difficult to detect any willingness to promote humanities research and teaching. But precisely in tough times, it is important that we do not resign but take an offensive approach. I am pleased to see that HF is meeting these challenges on a broad front, taking steps to reform our study programmes, to strengthen us in the competition for students, and to ensure that even more complete their studies. This offensive must continue if our goal is to maintain as much as possible of the important academic activities happening in our environments.

As the highest governing body at HF, the faculty board has an important role, not only in supporting proposals and initiatives from the management but also in challenging, criticising, and pointing out alternative solutions if necessary. This is meaningful work. When I have agreed to be nominated to the faculty board, it is because I am prepared to do my part if elected.